

Vedtekter for Tekna – Teknisk-naturvitskapleg foreining, Sogn og Fjordane avdeling

§ 1 Formål

Avdelinga skal arbeide for å oppfylle Tekna sine formål, jf. § 2 i Tekna sine lover.

Avdelinga har eit ansvar for at aktivitetane i foreininga vert oppretthaldne og utvikla på det lokale plan.

§ 2 Mandat og omfang

2.1 Mandat

Avdelinga skal legge til grunn Tekna sitt verdigrunnlag og dei foreiningspolitiske måla i sitt arbeid.

Avdelinga skal på eige initiativ ta opp saker til handsaming som gjeld medlemmene på det lokale plan.

Styret i avdelinga skal halde Tekna sitt hovudstyre og andre organ i Tekna informert om saker av felles interesse, og hjelpe til med råd, uttaler og opplysningar i saker der avdelinga sitt syn er ynskjeleg. Aktiviteten i avdelinga skal bidra til å nå måla i handlingsplanen til Tekna.

Avdelingsstyret kan i samråd med Fagutvalet og eventuelt andre avdelingar danne og organisere eit lokalt eller regionalt fagråd, jf. vedtekter for Fagutvalet og Fagleg årsmøte.

2.2 Omfang

Avdelinga består av alle medlemmer av Tekna – Teknisk-naturvitskapeleg foreining i 25 av 26 kommunar i Vestland fylke (Årdal har eigen avdeling).

§ 3 Organisasjon

Avdelinga skal organiserast i samsvar med Tekna sine lover §§ 3 og 8.

3.1 Årsmøte

Årsmøtet er det øvste organet i avdelinga. Ordinært årsmøte skal:

- godkjenne innkalling og dagsorden, velje ordstyrar, protokollførar og to til å skrive under protokollen
- registrere medlemmar med stemmerett
- handsame styret si årsmelding, rekneskap og rapport frå revisor
- fastsette avdelinga sin kontingent
- handsame styret sitt framlegg til budsjett

- handsame styret sitt framlegg til prioriterte oppgåver
- handsame eventuelle foreiningspolitiske saker
- handsame eventuelle andre saker som er lovleg innmeldt
- gjennomføre val, sjå nedanfor

Årsmøtet skal haldast kvart år, innan utgangen av mars. Styret kan beslutte at årsmøtet avholdes digitalt dersom styret finner det nødvendig eller hensiktsmessig.

Tid og stad for ordinært årsmøte skal kunngjerast på eigna måte for medlemmane minst seks veker før årsmøtet. Frist for innmelding av saker til handsaming er fire veker før årsmøtet. Innkalling med dagsorden og saksdokument skal kunngjerast seinast to veker før årsmøtet. Det er tilstrekkeleg med elektronisk kunngjering.

Ekstraordinært årsmøte vert halde dersom styret avgjer det, eller om det vert kravd av minst 20 medlemmar. Kravet skal leggest ved saksdokument. Tid og stad for ekstraordinært årsmøte, dagsorden og saksdokument, skal kunngjerast på eigna måte for medlemmene minst to veker før det ekstraordinære årsmøtet.

Styret skal straks kunngjere gjennomførte val og fastsett kontingent til avdelinga sine medlemmer og Tekna sitt generalsekretariat.

3.1.1 Val

Årsmøtet vel eit styre for avdelinga. Leiaren vert vald fyrst og særskilt for eitt år. Dei andre styremedlemmane si funksjonstid er normalt to år, slik at halve styret er på val kvart år. Alle medlemmer er pliktige til å ta imot val, jf. Tekna sine lover § 6.

Årsmøtet vel revisor og valkomité, også leiar. Funksjonstida er eitt år.

Årsmøtet vel representantar og vararepresentantar til Tekna sitt representantskap, jf. Tekna sine lover § 14.

3.1.2 Vedtak

Års- og medlemsmøte har avgjerdsmynde når det er lovleg innkalla. På årsmøtet kan det berre gjerast vedtak i saker som står på saklista i innkallinga.

Val og andre vedtak på årsmøtet skal gjerast med simpelt fleirtal, dersom ikkje anna er bestemt i desse vedtektene. Stemmerett følger Tekna sine lover § 5. Også styremedlemmar har stemmerett. Ved likt stemmetal vert vidare framgangsmåte avgjort av ordstyrar. Om nødvendig tek ein loddtrekning.

Det er berre mogeleg å stemme ved personleg oppmøte eller via skriftleg fullmakt til et anna medlem. Kvart medlem kan kun ha to fullmaktstemmer i tillegg til si eiga stemme.

3.2 Styret

Avdelinga sitt styre skal utgjerast av leiar og fem styremedlemmar.

Styret leiar avdelinga mellom årsmøta.

Styret førebur og kallar inn til årsmøte. Styret rapporterer til årsmøtet om utført arbeid i valperioden og legg fram forslag til oppgåver for kommande år. Styret skal orientere medlemmane

om si verksemd.

Styret skal innan 1. april kvart år sende årsmelding med rekneskap om verksemda i året som har gått til hovudstyret, jf. Tekna sine lover § 12.

Styret kan på eige initiativ nedsette faste eller midlertidige utval, og gje plass i styret med tale- og forslagsrett til personer som ikkje er valde styremedlemar.

Styret har avgjerdsmynde når minst halvparten av styret inklusive leiar eller nestleiar, er til stades. Vedtak på styremøter gjerast med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal er leiaren si stemme avgjerande.

Avdelinga er knytt til Tekna sitt sekretariat ved eit distriktskontor i Tekna. Styret kan søkje rettleiing og hjelp i tråd med gjeldande instruks for distriktskontora.

§ 4 Økonomi

Det skal førast rekneskap for avdelinga. Rekneskapen skal godkjennast av revisor og handsamast på årsmøtet. Avdelingskontingenten vert fastsett i samsvar med Tekna sine lover § 23 og Tekna sine vedtekter om storleiken på kontingenten.

§ 5 Endring av vedtekter og oppløysning

For endringar i vedtektene krevjast 2/3 fleirtal på ordinært årsmøte. Vedtektsendringar skal være gjort kjent i innkallinga. Vedtak om endring må godkjennast av Tekna sitt hovudstyre for å være gyldig.

Oppløysning av avdelinga skal skje i samsvar med Tekna sine lover og elles på same vilkår som vedtektsendringar, men det vert kravd i tillegg vedtak i to påfølgande årsmøter. Andre gongs vedtak om oppløysnings kan gjerast på eit ekstraordinært årsmøte som vert halde minst seks veker etter det ordinære årsmøtet. Viss avdelinga vert oppløyst, skal eigedelane disponerast slik det vert bestemt av Tekna sitt hovudstyre.

---ooOoo---

Desse vedtektene er oppdaterte og vedtektene på årsmøtet 18.02.2021 og godkjent av Tekna sitt hovudstyre 06.05.2021 med heimel i Tekna sine lover § 3, punkt 8. Desse vedtektene avløyer vedtekter vedtektene av årsmøtet 14.02.2020. Endringar av vedtektene kan berre gjerast i ordinært årsmøte i avdelinga og må godkjennast av Hovudstyret.